



Saksframlegg

Sakshandsamar:	Rådgjevergruppa	Helga Ellingsen		
Avgjerslemynde:		Arkivnr.: 17/127	Klassering:	

Retningslinjer for bruk av bil i kommunale tenester

Retningslinjer for bruk av eigen bil i teneste, bruk av kommunale bilar og føring av reiserekning blir godkjent slik den ligg føre.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Retningslinjer for bruk av bil i teneste for Masfjorden kommune har vore behandla i arbeidsmiljøutvalet sak 006/2017, og i administrasjonsutvalet sak 005/2017 og vart godkjent som den låg føre. I dette møte vart det drøfta at ein burde kvalitetssikre at kommunen hadde følgt lover og reglar. Dette står ikkje i vedtaket frå møte, men administrasjon har valt å gjennomføre kvalitetssikring før retningslinjer for bruk av bil i kommunale tenester vert tatt i bruk.

Fakta

For å kvalitetssikre dette har kommunen sendt inn Retningslinjer for bruk av bil i Masfjorden kommune til Kemneren i Bergen kommune ved Alvhild Bjørlykke, Stabsjurist. I tilbakemeldinga til kommunen står det;

«Når det gjeld det materielle, kan eg kort oppsummert ikkje sjå at noko av det som står i utkastet er feil. Retningslinjene kunne imidlertid vore meir utfyllande på nokre punkt. Når det gjeld dette som eg har kommentert vedr. køyrebok, så er det for så vidt ikkje eit krav etter regelverket med mindre det gjeld ein varebil kl. 2, der det skal beregnast fordel for faktisk bruk. Vi anbefaler likevel alltid arbeidsgjevarar å dokumentere bruken av bilen for å godtgjere at den ikkje er brukt privat. Dette er både i arbeidsgjevar si interesse, som då får god oversikt over bruken, og viktig i kontrollsamanheng. Vi tilrår derfor sterkt at Masfjorden tek inn i retningslinjene at køyrebok skal førast for alle bilar og alle brukarar.»

Vurdering

Etter at dokumentet har vore til vurdering av stabsjurist Alvhild Bjørlykke så har rådmannen valt å innarbeide tilbakemeldingane i retningslinjer for bruk av bil i teneste for Masfjorden kommune. På bakgrunn av dette er dokumentet endra frå tidlegare vedtak i arbeidsmiljøutvalet og administrasjonsutvalet, og blir difor sendt ut til ny behandling.

Konklusjon

Retningslinjer for bruk av eigen bil i teneste, bruk av kommunale bilar og føring av reiserekning blir godkjent slik den ligg føre.

Ikkje vedlagte saksdokument:

Doknr	Type	Dato	Tittel på saksdokumentet
Doknr	Type	Dato	Tittel på journalpost